



Notat

Dato: 04.09.2015
Arkivsak: 2015/3001-5
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Konsekvensar ved nedlegging av snøggbåtrutar

På møte i fylkesutvalet den 18.juni 2015 stilte **Siri Klokkerstuen** slikt spørsmål:

- *Kva konsekvensar vil nedlegging av båten til Ølen få for Fjelbergøy og Borgundøy i Kvinnherad?*
- *Eg ber om at endringar i Sunnhordlandsruta ikkje må få konsekvensar for Skånevik.*
- *Kva prisendring har det vore på studentbillettane på Sunnhordlandsruta sidan 2013?*

Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 182/15 om å legge ned snøggbåtrutene til Ølen/Utbjoa med snarast mogleg verknad. Justeringar av rutetilbodet i Sunnhordlandsbassenget som følgje av endringa skal avklarast i samarbeid mellom Skyss og operatør.

Konsekvensen av bortfall av snøggbåtrutene til Ølen og Utbjoa er ikkje endeleg på noverande tidspunkt. Skyss har starta dialogen med operatør for å gjera nødvendige tilpassingar. Utgangspunktet er å oppretthalde mest mogleg av tilbodet for Fjelbergøy og Borgundøy, samt for Skånevik.

Skyss overtok inntektsansvaret for snøggbåtrutene i Sunnhordland 1. januar 2014. Ved overtakinga blei prisen på alle billetter for båt (inkludert student) justerte opp med gjennomsnittleg 3 prosent, og det same blei gjort i 2015. Taksten på nokre strekningar vart auka meir enn andre, fordi ein over tid ønskjer å kome fram til ein meir rettferdig priskurve. Studentbillettane er prisjusterte på same måte som andre billetter.